

---

# **Planprogram for**

# **Kommuneplanens samfunnsdel**

## **2023-2035**





## Innhold


<b>1</b>	<b>Bakgrunn .....</b>	<b>3</b>
<b>1.1</b>	<b>Føremål og mål for arbeidet.....</b>	<b>4</b>
<b>1.2</b>	<b>Visjon og verdiar .....</b>	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Nasjonale, regionale og lokale føringer .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1</b>	<b>FNs berekraftsmål.....</b>	<b>5</b>
<b>2.2</b>	<b>Nasjonale føringer .....</b>	<b>5</b>
<b>2.3</b>	<b>Regionale føringer .....</b>	<b>6</b>
<b>2.4</b>	<b>Lokale planar.....</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>Hovedtema og utgreiingsbehov .....</b>	<b>6</b>
<b>3.1</b>	<b>Folkehelseoversikt/demografi .....</b>	<b>7</b>
<b>3.2</b>	<b>Klima, miljø og naturmangfold .....</b>	<b>7</b>
<b>3.3</b>	<b>Næringsutvikling .....</b>	<b>7</b>
<b>3.4</b>	<b>Helse og omsorg.....</b>	<b>8</b>
<b>3.5</b>	<b>Oppvekst (skule-/barnehagestruktur) .....</b>	<b>9</b>
<b>3.6</b>	<b>Organisasjonsutvikling.....</b>	<b>9</b>
<b>3.7</b>	<b>Arealstrategi.....</b>	<b>9</b>
<b>4</b>	<b>Utgreiingsbehov.....</b>	<b>10</b>
<b>5</b>	<b>Organisering.....</b>	<b>11</b>
<b>6</b>	<b>Framdriftsplan .....</b>	<b>12</b>
<b>7</b>	<b>Plan for medverknad .....</b>	<b>12</b>



## 1 Bakgrunn

Gjeldande samfunnsplan vart godkjent i 2007 og la grunnlag for utviklinga fram mot 2017. Mykje har endra seg i samfunnet sidan 2007 og det er såleis på høg tid å starta arbeidet med ny samfunnsdel, som igjen dannar grunnlag for revisjon av kommuneplanens arealdel. Arbeidet må såleis ta opp i seg lokale samfunnsendringar, nye føringar frå overordna mynde og regeringa sine endra forventningar til regional og kommunal planlegging.

Plan- og bygningslova § 4-1 set krav om at det skal utarbeidast planprogram i samband med utarbeiding av alle regionale planar, kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planprogrammet skal gjera greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.



Kommuneplanen består av to deler, som heng nært sammen:

- Kommuneplanens samfunnsdel tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Planen bør innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen.
- Kommuneplanens arealdel fastset hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala.

Eit viktig prinsipp i ny plan- og bygningslov er at det skal vere ei sterkare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen. Før ein startar arbeidet med rullering av arealplanen, er det difor viktig å ha ein oppdatert godkjent samfunnsplan.

Det er lagt opp til at kommuneplanens samfunnsdel skal innehalde ein overordna arealstrategi med eit arealregnskap. Arealstrategien vil legge føringar for kommuneplanens arealdel, og det er naturleg at Samnanger kommune startar rullering av arealdelen så snart samfunnsdelen er vedteke.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring i minst seks veker og leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med varsling av planoppstart.

## 1.1 Føremål og mål for arbeidet

Målet med planarbeidet er å lage ein revidert samfunnsdel som skal bli eit godt politisk og administrativt styringsdokument som gir føringar for vidare planarbeid og sakshandsaming i kommunen.

### Langsiktige mål – effekten av planen

Kommuneplanens samfunnsdel skal:

- Vere eit styringsverktøy som gir tydelege føringar for kommunale planar og tiltak.
- Gi grunnlag for korleis ressursane i kommuneorganisasjonen skal prioriterast.
- Vise korleis Samnanger kommune ønskjer å samhandle med ulike samfunnsaktørar og innbyggjarar for å utvikle kommunen.

### Resultatmål – om plandokumentet

Den vedtekne samfunnsdelen skal:

- Ha tydelege visjonar og mål som gir retning for kommunen sine satsingsområde.
- Vere kortfatta og tydeleg, med eit klart språk og tydelege føringar for anna planarbeid og ulike tiltak.
- Oversette FNs berekraftsmål til lokale tilhøve og sikre at måla er gjennomgåande i plandokumentet.

### Prosessmål – planarbeidet som arena for politisk forankring, diskusjon og dialog med innbyggjarar

Arbeidet med samfunnsdelen skal sørge for at:

- Planarbeidet blir ein viktig arena for gode diskusjonar om framtidig utvikling av kommunen.
- Samfunnsdelen blir godt forankra, både politisk og administrativt, men også hos innbyggjarane og andre aktørar.
- Reell medverknad med innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv.
- Resultatet byggjer på godt tilpassa analysar som kunnskapsgrunnlag for diskusjonar og avgjer

## 1.2 Visjon og verdiar

Det høyrer gjerne til i ein kommuneplanprosess å koma fram til visjon og verdigrunnlag for kommunen. Samfunnsoppdraget til kommunen er definert både frå overordna styresmakter, og ut frå lokale behov og utfordringar. Ein kommune skal vera både samfunnsutviklar, tenestetilbydar, lokaldemokratiutviklar, myndigheitsutøvar og arbeidsgjevar. I Samnanger er det oppsummert i:

### **Samnanger der du vil leva og bu**

Visjonen gir retning og noko å strekkja seg etter, og fortel kva vi vil at Samnanger kommune skal vera. Gjennom planprosessen skal ein ta stilling til om denne visjonen skal vidareførast slik den ligg, eller reviderast.



## 2 Nasjonale, regionale og lokale føringer

### 2.1 FNs berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er ein viktig del av det som er styrande framover for samfunns- og arealplanlegginga. Det skal leggjast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Utviklinga skal fremje folkehelse og utjamne sosiale helseskilnader. Viktig er også omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår, prinsippet om universell utforming og estetisk utforming. I samband med kommuneplanarbeidet må måla konkretiserast og gjerast relevante for lokale tilhøve.



### 2.2 Nasjonale føringer

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for å fremja ei berekraftig utvikling i heile landet. Gjeldande nasjonale forventingar vart vedteke i 2019. Dei legg vekt på fire store utfordringar som communal og regional planlegging må bidra til å handtere:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Dei regionale og lokale myndighetene har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Det gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Planlegging er eit av dei viktigaste verktøyta ein har for å løyse oppgåvene.

#### Andre nasjonale føringer (lista er ikkje uttømmande):

Det er mange nasjonale føringer, lover og forskrifter som kommunen må halde seg til i alle sektorar og i tenester vi leverer. Nedanfor har vi lista opp nokre av dei relevante føringane.



### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet

#### Berekraftige byar og sterke distrikt. Meld. St. 18 (2016–2017).

Dette er ei melding til Stortinget om politikk for utvikling i byar og distrikt. Det er ei overordna stortingsmelding som gjev eit samansett og kunnskapsbasert bilet av korleis utfordringar og moglegheiter varierer rundt om i landet.

#### Leve hele livet - En kvalitetsreform for eldre. Meld.St. 15 (2017–2018).

Meldinga har hovudfokus er å skape eit meir aldersvennleg Norge og finne nye og innovative løysningar på utfordringar knytt til aktivitet og fellesskap

#### Levende lokalsamfunn for fremtiden (Meld. St. 5 (2019-2020)

Meldinga legg vekt på at det viktigaste for levande lokalsamfunn i heile Noreg er eit næringsliv som opprettheld og skaper nye lønsame arbeidsplassar. Samferdsel, kompetanse og helse er sentrale tema i meldinga, samt kommune- og regionreform.

#### Perspektivmeldinga 2021 (Meld. St. 14 (2020-2021)

Perspektivmeldinga 2021 peikar på viktige nasjonale utfordringar Norge har fram mot 2060, og regjeringa sin strategi for å løyse dem.

### **2.3 Regionale føringer**

Vestland fylke sin utviklingsplan set regionale mål for samfunnsutviklinga og er bygd rundt FN sine berekraftsmål. Den gjer greie for dei viktigaste utviklingstrekka og utfordringane i fylket, konkretisert i følgjande mål:

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.
- Mål 4: Like mogelegeheter til å delta i verdiskaping

### **2.4 Lokale planar**

Temoplan oppvekst – pågår

Temoplan helse og omsorg – pågår

Landbruksplanen – pågår

Kommunedelplan akvakultur - pågår

## **3 Hovudtema og utgreiingsbehov**

Viktige tema i denne rulleringa er:

- Folkehelseoversikt/demografi
- Klima, miljø og naturmangfold

- Næringsutvikling
- Helse og omsorg
- Oppvekst (skule-/barnehagestruktur)
- Organisasjonsutvikling
- Arealstrategi

### **3.1 Folkehelseoversikt/demografi**

I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 vert det forventa at kommunane planlegg aktivt for å motverke og førebyggje levekårsutfordringar og medverkar til utjamning av sosiale ulikskapar. Kommunane skal legge universell utforming til grunn i planlegginga av omgivnader og busetnad og sikre omsynet til folkehelse i planlegginga.

I følge framskrivingar frå SSB vil Samnanger kommune kunne få fleire innbyggjarar i perioden 2020 til 2050. Det er likevel verdt å merkje seg at innanfor det samla folketalet vil kommunen få endringar i retning fleire eldre og færre yngre.

Den demografiske samansetnaden av befolkninga er eit viktig grunnlag for kva tenester kommunen skal levera, og kva kostnadsbilete kommunen får. Gode framskrivingar for demografisk utvikling er eit godt og naudsynt kunnskapsgrunnlag som må på plass tidleg. Her er det også viktig å hente fram historikk for å sjå endring over tid.

Tilgang på natur og friluftsområde er viktig for å legge til rette for god folkehelse. I samband med arealstrategien,

### **3.2 Klima, miljø og naturmangfold**

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel skal Samnanger kommune setje lokale mål for reduksjon i direkte og indirekte klimagassutslepp og strategiar for å nå desse måla. Tiltak må setjast i verk i kommunen sin organisasjon, drift og innkjøp, i arealplanlegginga og i samfunnet som heilskap.

Døme på tema til drøfting eller vurdering i arbeidet med samfunnsplanen:

- Kva mål skal Samnanger kommune ha for klima, miljø og samfunnstryggleik?
- Kva strategiar og tiltak skal vi setja i verk for å nå måla?
- Korleis kan vi redusera klimagassutsleppa gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging?
- Korleis kan vi leggja til rette for reduksjonar i klimagassutslepp frå kommunale innkjøp, byggjeprosjekt og energiøkonomiseringstiltak?
- Kva rolle kan kommunen ta som pådrivar i lokalsamfunnet?
- Korleis skal Samnanger kommune tilpassa seg klimaendringane?
- Korleis skal vi sikre naturmangfaldet og artsrikdomen i kommunen?

### **3.3 Næringsutvikling**

Hovudnæringer i Samnanger har tradisjonelt vore tekstilindustri og kraftverk, service og jordbruk. Døme på nyare verksemder er fiskeoppdrett, treindustri (møbel- og kjøkkeninnreiing) og betongindustri (ferdigelement). Her er også smie og mekanisk verkstad. I Eikedalen ligg det største skianlegget i Bergensregionen, med over 30 tilsette i sesongen.

Kommunen har to daglegvarebutikkar, byggvarehandel, blomsterbutikk, fabrikkutsal for SAFA, bruktbutikk, bunadsbutikk, frisørsalongar, pizzeria og butikk med sports- og fritidsutstyr, leikar, gåver



m.m. Her er òg motell med kafè og pub, campingplass, post (post i butikk), bensinstasjon og bilverkstad. I tillegg er det fleire mindre entreprenørar med gravemaskinar, lastebilar og transport, snikkarar, røyrleggarar, elektrikarar, malarar m.m.


Mange av dei som bur i Samnanger pendlar ut av kommunen for å kome seg til jobb. Det er avgrensa næringsaktivitet samanlikna med øvrige omliggande kommunar til Bergen. Samfunnsplanen bør diskutere korleis Samnanger i større grad kan verta ein attraktiv næringskommune. Dette vil også bidra i retning av ein attraktiv bukommune. Her vil analyse av areal og næringssamansetning

Viktige vurderingar som skal gjerast i kommuneplanen er:

- Kva mål skal Samnanger kommune ha for næringsutviklinga?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Arealstrategi – rett areal på rett plass?
- Kompetansekartlegging – kva har vi bruk for av kompetanse i framtida?
- Korleis skal Samnanger møte det grøne skiftet?
- Korleis kan kommunen styrke landbruksnæringa?

### 3.4 Helse og omsorg

Framskrivningar viser tydeleg at kommunen må planlegge godt for å legge til rette slik at eldre kan greie seg sjølv og bu heime så lenge som mogleg. Dei lågaste trinna i omsorgstrappa vert stadig viktigare og framover bør fokus rettast mot tiltak i denne enden av trappa.



Figur 1 Døme på omsorgstrapp, kjelde Hareid kommune

Aukande tal eldre med behandlingskrevjande sjukdom, nye behandlingsmoglegheiter og færre liggedøgn på sjukehus, har endra drifta på sjukeheimen. Kommuneplanen må svare på korleis dei store demografiske endringane framover kjem til å påverke tenestetilbodet i kommunen. Dette må også sjåast i samanheng med vanskar med å skaffe kvalifiserte arbeidstakrarar innan sektoren.

Viktige vurderingar som skal gjerast i kommuneplanen er:

- Kva strategiar og tiltak skal Samnanger setje i verk for å demme opp for auka utgifter innan helseområdet?
- I kva grad kan nye bustadformer vere del av løysinga?
- Korleis kan Samnanger i større grad verte ein aldersvenleg kommune?
- Korleis sikrar ein samhandling med frivillig sektor og innbyggjarane slik at fleire deltar aktivt, tar ansvar for eige liv og bidrar til fellesskapet.
- Er det Samnanger kommune som utviklar eit godt konsept for samhandling born/eldre?

### **3.5 Oppvekst (skule-/barnehagestruktur)**

Skulearenaen får større og større tyding for barn si helse, trivsel og læring utover i tenåra. Barnehagen og skulen sitt miljø kan vera både ein ressurs og ein risikofaktor for barn sin livskvalitet. Skulen bør ha eit miljø som gjev trivsel, oppleveling av utfaldning, meistring og deltaking.

For å vere ein attraktiv kommune som kan tilby gode oppvekstsvilkår for innbyggjarane, er det viktig med god kvalitet i både barnehage og skule.

Viktige vurderingar som skal gjerast i kommuneplanen er:

- Kva strategiar og tiltak skal Samnanger setje i verk for å sikre gode oppvekstvilkår for born og unge?
- Korleis skal kommunen utvikle eit tenestetilbod som samsvarar med utviklinga i befolkninga?

### **3.6 Organisasjonsutvikling**

Den viktigaste innsatsfaktoren i tenestetilboden er dei tilsette. Det er avgjerande at kommunen klarar å rekruttera, utvikla og halda på kvalifisert arbeidskraft, i konkurransen med offentlege og private arbeidsgjevarar i regionen.

Det er mykje å hente på nye digitale løysingar, både i tenesteproduksjonen og i tenester som innbyggjarane kan klare sjølv. Det kan også vere naturleg å kople seg på ulike interkommunale samarbeid.

Viktige vurderingar som skal gjerast i kommuneplanen er:

- Kva mål skal Samnanger kommune ha for gode kommunale tenester?
- Kva strategiar og tiltak skal Samnanger setje i verk for å sikre tilsette med rett kompetanse?
- Kva mål skal Samnanger ha for digitale tenester?
- I kva grad skal Samnanger løyse kompliserte tenester gjennom interkommunale samarbeid?

### **3.7 Arealstrategi**

Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging legg til grunn at planlegginga skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling både på sjø og på land. Planlegginga skal bidra til å utvikla berekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.



Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel må kommunen legge ambisjonane for korleis ein skal utvikla lokalsamfunnet, og prinsippa som skal liggja til grunn for arealforvaltinga i kommunen. Dette vil gjera arbeidet med arealdelen meir føreseieleg for alle partar, og sikre raskare gjennomføring av prosessen.

Viktige vurderingar som skal gjerast i kommuneplanen er:

- Kva mål skal Samnanger kommune ha for samordna bustad- areal og transportplanlegging?
- Kva strategiar og tiltak skal vi setja i verk for å nå måla?
- Kvar og i kva omfang skal nye bustadområde og arbeidsplassar utviklast?
- Kva grad av fortetting skal vi legge opp til, og kvar?
- Korleis skal vi auka kvalitet i utbyggingsområda og legge til rette for at alle skal kunne bu og leva der dei sjølv ønskjer, uansett funksjonsevne?
- Kva reglar skal gjelda for spreidd bustad- og fritidsbustadbygging utanom dei sentrale områda?
- Korleis sikra viktige jordbruksområde og legge til rette for nye og grøne næringar i tilknyting til jordbruk og skogbruk?
- Korleis sikrar vi tilgang til strandsona og viktige friluftsområde for ålmenta?
- Korleis skal vi legge til rette for at fleire går eller syklar i kvardagen?
- Korleis kan vi samordne oss med nabokommunane for å få effektiv regional transportplanlegging?

## 4 Utgreiingsbehov

Planprogrammet for samfunnsdelen skal avklare naudsynte utgreiinger for langsiktige arealbehov, miljømessige utfordringar, korleis vi legg til rette for eit aldersvenleg lokalsamfunn, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Det er viktig å framskaffe kunnskap om viktige tema, som til dømes:

Utgreiingstema	Kva skal vurderast
Demografi	Gode framskrivingar for demografisk utvikling er eit godt og naudsynt kunnskapsgrunnlag som må på plass tidleg. Her er det også viktig å hente fram historikk for å sjå endring over tid. Oppdaterte tal må leggjast til grunn for utvikling av tenestetilbodet, barnehage- og skulestruktur, behov for offentlege tenestetilbod, bustadbygging, næringsetablering, senterutvikling m.m.
Bustadanalyse	<b>Type bustader:</b> Her må det skaffast oversikt over kva bustadtypar som finns i kommunen (einebustad, rekkehus, firemannsbustad, blokk etc.). Auka bruk av heimekontor kan redusere behovet for pendling, men gir også nye utfordringar i høve utforming av bustaden. I tillegg er det langt fleire eldre som treng tilgjengelege bustader for å kunne ha sjølvstendige liv heime. Er bustadane vi byggjer fleksible nok til å møte desse nye behov? <b>Eigarstruktur:</b>



	<p>Også eigarstruktur er eit viktig tema her. Om lag 77 prosent av hushalda i Noreg eig bustaden dei bur i, medan 23 prosent leiger. Stemmer dette også for Samnanger, eller er det lokale tilhøve som gjer at stoda er annleis her?</p> <p><i>Plassering:</i></p> <p>Analysen bør også sei noko om avstand til nærmeste sentrum og viktige sentrumsfunksjonar. Kor mange bustader ligg innanfor rimeleg gangavstand til viktige funksjonar som butikk, kollektiv, handel, skule/barnehage, idrett osv.</p> <p>Analysen bør kome med råd og anbefalingar i høve til kva rolle kommunen bør ha som premissgivar og tilretteleggjar. Gode politiske diskusjonar om desse temaat vil kunne gi eit godt grunnlag for arbeidet vidare med arealdelen.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Rapport Agenda Kaupang i høve bustadbehov for eldre</li></ul>
Næringsanalyse	<p>Ei analyse knytt til arealsituasjonen for næring inneber både oversyn over eksisterande situasjon og tankar om framtidige behov. Det er naturleg å starta med å kartlegge dagens situasjon der ein mellom anna vurderer følgjande faktorar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• ledige areal avsett i kommuneplan eller reguleringsplan</li><li>• realisme i utnytting av planavsette areal som enno ikkje er bygd ut</li><li>• ledige areal i lys av tilgang på naudsynt infrastruktur, tilkomst, hamn, VA, kraft etc</li><li>• potensiale for fortetting og utviding av eksisterande næringsareal</li><li>• registrering av kjerneområde for landbruk og viktige kulturlandskap</li><li>• potensiale for fiskeoppdrett/akvakultur i sjø og på land</li></ul> <p>Analysen bør kome med råd og anbefalingar i høve til kva rolle kommunen bør ha som premissgivar og tilretteleggjar.</p>
Senterstruktur	<p>Regional plan for attraktive senter har ei retningsline som vert gjort gjeldande for kommunane i samband med kommuneplanarbeidet. Denne seier at ein gjennom kommuneplanarbeidet skal innarbeida ein senterstruktur med ei sentrumsutstrekning for dei ulike sentra. For Samnanger vil dette bety å definere vidare status for Bjørkheim og Ytre Tysse og kor stor utstrekninga skal vere rundt sentra.</p>
Samfunnstryggleik	<p>Samfunnstryggleik er blitt eit stadig viktigare tema i all planlegging. I samband med samfunnsplanen må det gjerast ei vurdering av om samfunnstryggleiken er godt integrert i kommunens planverk og styringssystem slik at ein førebyggjer risiko for skade og tap av liv, helse, miljø og viktig infrastruktur, og ha god beredskap for ulykkessituasjoner m.v.</p>

## 5 Organisering

Formannskapet er politisk avgjerdssorgan i alle fasar av planarbeidet og vil verta orientert jamleg om framdrift i arbeidet.

Kommunedirektøren er prosjekteigar og formelt ansvarleg for planarbeidet. Kommunedirektøren si leiargruppe er administrativ styringsgruppe. Styringsgruppa skal sikre framdrift og har ansvaret for å sikre tverrfagleg forankring og at kommuneplanarbeidet vert utført på ein måte som kan følgjast opp i økonomiplan og andre planar.

Kommunalsjef Samfunnsutvikling er prosjektleiar og ansvarleg for organisering av planarbeidet og gjennomføringa. Prosjektleiar har ansvaret for å koordinere planprosessen og vere bindeledd mellom

politiske fora og prosjektgruppa. Prosjektgruppa er satt sammen av representantar frå samfunnsutvikling, oppvekst, helse og omsorg og økonomi og organisasjon. Prosjektgruppa har fagleg ansvar for utgreiingar og utarbeiding av planforslag for styringsgruppa. Undervegs i prosessen kan det verta oppretta arbeidsgrupper etter behov.

ABO Plan & Arkitektur AS er hyra for å bistå kommunen i arbeidet med analysearbeid, medverknad og anna arbeid i samband med samfunnsdelen.

## 6 Framdriftsplan

Framdriftsplan er rettleiande og kan verta endra. Målet er endeleg godkjent samfunnsdel tidleg haust 2024.

Prosessfase	Tidspunkt
Vedtak framlegg planprogram og oppstart samfunnsdel	Juni 2023
Kunngjering av oppstart og planprogram på høyring	Juli – august 2023
Godkjenning planprogram	Oktober 2023
Utarbeiding forslag samfunnsdel og medverknad, her under planforum i regi av Vestland fylkeskommune	Oktober 2023-mars 2024
Vedtak framlegg samfunnsdel	April 2024
Høyring og offentleg ettersyn	April-juni 2024
Utarbeiding endeleg planforslag	Juni-august 2024
Endeleg vedtak ny samfunnsdel	September 2024

## 7 Plan for medverknad

I arbeidet med kommuneplanar er prosessen vel så viktig som sjølve plandokumentet. Kommuneplanen involverer både lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Det er viktig at administrasjonen, dei ulike sektorane, lokalsamfunnet og politikarane har eigarskap til planen.

Det vert lagt opp til fleire metodar for å involvere både lokalbefolkning, kommuneorganisasjonen, frivillige lag og foreiningar, næringslivet og øvrige aktørar.

Digitale planar gjer det meir levande, aukar tilgjenge og gjer planen lettare å lese for innbyggjarar, ålmenta, politikarar og tilsette. Dette styrkjer igjen dialogen mellom kommune og innbyggjarar og gjer det lettare, både å følgje med, men også å involvere seg i utviklinga av lokalsamfunnet.

### Fase 1: Høyring og offentleg ettersyn av planprogram

- Informasjon på nettside og i lokalavis om planprogrammet og korleis ein kan kome med innspel
- Møte med ungdomsråd, eldrerådet og råd for personar med funksjonsnedsetting
- Workshop med politikarar

### Fase 2 - Aktiv medverknad samfunnsdel

- Informasjon på nettside og i lokalavis
- Workshop med politikarar
- Møte med ungdomsråd, eldrerådet og råd for personar med funksjonsnedsetting
- Dialogmøter med lag, foreiningar og næringsliv
- Folkemøte

- Medverknad for born og unge (f. eks barnetråkk)
- Eldretråkk

Fase 3 - Høyring og offentleg ettersyn av samfunnsplanen

- Informasjon på nettside og i lokalavis
- Digital presentasjon av planen
- Mogleg å komme med innspel til planforslaget